

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 130



MEIERIBRUKET I NOREG
1962

NORWAY'S DAIRY INDUSTRY

1962

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1964

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 130



MEIERIBRUKET I NOREG
1962

NORWAY'S DAIRY INDUSTRY

1962

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1964

Utkomen før

Statistik angaaende det norske Jordbrug 1871—1875 og Jordbrug og fædrift 1876—1885, 1886—1890, 1891—1895, 1896—1900, 1901—1905, 1906—1910, 1911—1915 og 1916—1920.

Meieribruket i Norge 1925 VIII 31, 1926 VIII 58, 1927 VIII 83, 1928 VIII 117, 1929 VIII 152, 1930 VIII 179, 1931 IX 6, 1932 IX 28, 1933 IX 50, 1934 IX 72, 1935 IX 98, 1936 IX 124, 1937 IX 150, 1938 IX 180, 1939 X 6, 1940 X 31, 1941 X 57, 1942 X 82, 1943 X 90, 1944 X 110, 1945 X 138, 1946 X 153, 1947 X 173, 1948 XI 12, 1949 XI 45.

Meieribruket i Noreg 1950 XI 94, 1951 XI 121, 1952 XI 181, 1953 XI 218, 1954 XI 239, 1955 XI 289, 1956 XI 311, 1957 XI 338, 1958 XII 12, 1959 XII 37, 1960 XII 62, 1961 XII 104.

Føreord

Statistikken over meiridrifta i Noreg byggjer på årsoppgåver frå kvart einskilt meieri. I denne publikasjonen er det teke med oppgåver over det maskinelle utstyret ved meieria 1. januar 1962. Statistikken for 1962 er elles utarbeidd på same måte som for året før.

Oversynet er utarbeidd av førstesekretær Halvor Skraastad.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 6. desember 1963.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Preface

The statistics on the dairy industry of Norway are based on annual data collected from each individual dairy. The present publication contains, in addition the annual statistics, data on transport equipment, machines and cold storage plant in dairies at the beginning of 1962.

The survey has been written by Mr. Halvor Skraastad.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 6 December 1963.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Innhald

Oversyn.	Side
I. Det statistiske materialet	9
II. Oppgaver over meieriverksemdar, personale og leverandørar m. v. ved meieria	9
1. Driftsretning, storleik og kvar meieria ligg	9
2. Personale og driftstid	10
3. Leverandørar og parthavarar og mjølkekyr og mjølkegeiter hos desse.....	11
III. Innvegen mjølkemengd og kva denne er nytta til	12
1. Innvegen mjølkemengd og kvaliteten av mjølka.....	12
2. Produksjon av smør, ost og mysost	13
3. Sal av mjølk og fløyte til konsum	15
4. Mjølk og fløyte nytta i industrien	16
5. Sal av smør, ost og mysost	16
a. Innlandsk sal	16
b. Utførsle og innførsle	17
6. Retur og oppføring av skumamjølk, saup, mjølkepulver og myse	17
7. Varelager ved meieria	18
8. Mjølkeomsetnad utanom meieri	18
9. Måten mjølkefeittet er nytta på	19
IV. Økonomisk resultat av meieridrifta	19
1. Prisar på meieriprodukta	19
2. Statstilskota til mjølk og mjølkeprodukt	20
3. Driftsresultatet	22
a. Bruttovinning	23
b. Driftsutgifter	23
c. Nettovinning	25
V. Driftsform ved dei einskilde meieri	29
1. Mjølkesalsmeieri	29
2. Samlestasjonar	30
3. Smør- og fløytemeieri	31
4. Setermeieri	31
5. Mysostkokeri	31
6. Gamalostysteri	32
7. Meieri med blanda drift	32
a. Meieri med meir enn 50 prosent mjølkesal	32
b. Meieri med 25 til 50 prosent mjølkesal	33
c. Meieri med mindre enn 25 prosent mjølkesal	33
8. Hovudtal for produksjonsgruppene	34
VI. Investeringar i meieridrifta	35
VII. Partskapital, realkapital og status ved utgangen av året	36
VIII. Forbruk av brensel, drivstoff og elektrisk kraft	38
IX. Samla produksjon av kumjølk og geitmjølk	38
X. Produksjon og råstofforbruk i mjølkeforedlingsindustrien	39
XI. Det maskinelle utstyret ved meieria	39
1. Transportmiddel	40
2. Meierimaskinar	40
3. Kjøleanlegg	42
Samandrag på engelsk	44

Tabellar.	Side
I. Meieria etter produksjonsgrupper og innvegen mjølkemengd	48
II. Meieria, kvar dei ligg, tida dei var i drift, mjølkemengd og sysselsette pr. meieri	48
III. Personalet ved meieria	50
IV. Mjølkk og fløyte innvegen ved meieri og kondenseringsfabrikkar	50
V. Retur og sal m.v. av skumamjølkk, saup, mjølkepulver og myse til oppføring .	52
VI. Feittinnhaldet i mjølka. Oppgjer etter feittinnhaldet. Reduktaseprøver	52
VII. Produksjon av smør, ost og mysost	54
VIII. Sal av mjølkk og fløyte til konsum	56
IX. Mjølkk og fløyte nytta i industrien	56
X. Innalandsk sal av smør, ost og mysost	58
XI. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning ved meieria	58
XII. Driftsutgiftene ved meieria etter dei einssilde utgiftspostane	60
XIII. Nettovinning av meieridrifta, utbetalt leverandørane m.v.	62
XIV. Utgifter til utstyr av alle slag, hus, byggjearbeid o. a.	64
XV. Utgifter til vøling	64
XVI. Forbruk av brensel, drivstoff og elektrisk kraft	66
XVII. Partskapital og realkapital ved utgangen av året	66
XVIII. Transportmiddel 1. januar 1962	67
XIX. Meierimaskinar og samla kapasitet 1. januar 1962	68
XX. Kjøleanlegg 1. januar 1962	76

Standardteikn

- .. Oppgave vantar
- . Logisk umogleg
- Null

Contents

	Page
General survey.	9
I. Sources for statistical data	9
II. Dairies, personnel, milk suppliers, etc.	9
1. Dairies classified according to dairy industry, size and geographical location	9
2. Number of employees and periods of operation.....	10
3. Number of suppliers, partners, milk cows and milk goats	11
III. Volume of milk weighed in and utilization of milk	12
1. Volume of milk weighed in and quality of milk	12
2. Production of butter, cheese and whey cheese	13
3. Sale of milk and cream by dairies to consumers	15
4. Milk and cream consumption in food manufacturing industries	16
5. Sale of butter, cheese and whey cheese	16
a. Domestic sale.....	16
b. Export and import	17
6. Volume of skimmed milk, milk powder and whey returned to producers and sale for feed	17
7. Stocks held by the dairies	18
8. Sale of milk directly from producers to consumers.....	18
9. Utilization of milk	19
IV. Economic conditions	19
1. Prices	19
2. Government subsidies on milk and milk products	20
3. General operating results	22
a. Gross income	23
b. Operating expenses	23
c. Net income.....	25
V. Survey of special types of dairies	29
1. Dairies selling milk.....	29
2. Milk receiving stations	30
3. Dairies producing butter	31
4. Dairies receiving all their milk from mountain dairy farms	31
5. Dairies producing whey cheese.....	31
6. Dairies producing «gamalost» (old Norwegian cheese)	32
7. Dairies producing a variety of products	32
a. Dairies selling more than 50 per cent of their production as milk	32
b. Dairies selling 25 to 50 per cent of their production as milk.....	33
c. Dairies selling less than 25 per cent of their production as milk	33
8. Principal data for these production groups	34
VI. Investments in dairy industry	35
VII. Share capital, real capital and balance sheet at the end of the year	36
VIII. Consumption of fuel, gasoline and electricity.....	38
IX. Total production of cow milk and goat milk	38
X. Production, and raw materials used in dairy industry	39
XI. Mechanical equipment, etc.	39
1. Transport equipment	40
2. Dairy machines	40
3. Cold storage plant.....	42
English summary	44

Tables.	Page
I. Classification of dairies according to production and volume of milk	48
II. Dairies and their geographical location, period in operation, volume of milk and number of employees by dairy	48
III. Employed persons.....	50
IV. Volume of milk weighed in directly from producers and from other dairies....	50
V. Volume of skimmed milk, milk powder and whey returned to producers and sale for feed	52
VI. Fat content of milk. Basis of payment according to fat content. Tests of reductase	52
VII. Production of butter, cheese and whey cheese.....	54
VIII. Sale of milk and cream to consumers	56
IX. Milk and cream consumption in manufacturing industries	56
X. Domestic sale of butter, cheese and whey cheese, by months	58
XI. Gross income, operating expenses and net income at the dairies	58
XII. Operating expenses at dairies by different items of expenditure	60
XIII. Net income of dairying, paid out to producers, etc.	62
XIV. Expenditures for equipment, dwellings and other building and construction work etc.	64
XV. Expenditures for repairs	64
XVI. Consumption of fuel, petrol and electricity	66
XVII. Share capital and real capital at the end of the year	66
XVIII. Transport equipment 1 January 1962	67
XIX. Dairy machines and total capacity 1 January 1962	68
XX. Cold storage plant 1 January 1962	76

Explanation of Symbols

- .. Data not available
- . Category not applicable
- Nil

Oversyn

I. Det statistiske materialet.

For 1962 som for tidlegare år, har Statistisk Sentralbyrå samla inn oppgaver frå kvart einskilt meieri. Oppgåveskjemaet har vore uendra sidan 1958.

Utanom årsstatistikken hentar Byrået inn oppgaver for kvar månad over innvegen mjølkemengd, produksjon og lager m.v. ved meieria. Månadsstatistikken vert prenta etter kvart i Statistisk ukehefte. Eit samandrag av månadsstatistikken for 1962 er teke inn i Statistisk ukehefte nr. 10, 1963.

II. Oppgaver over meieriverksemder, personale og leverandørar m. v. ved meieria.

1. Driftsretning, storleik og kvar meieria ligg.

Til statistikken for 1962 har Byrået oppgaver frå i alt 340 verksemder. i dette talet er med alle produksjonsavdelingar og samlestasjonar som er knytte til eit større meieri og 3 kondenseringsfabrikkar. Kondenseringsfabrikkane er ikkje rekna som meieri i statistikken, og oppgaver frå dei er berre tekne med der det er sagt særskilt frå om det.

Tabell 1. Meieria og kondenseringsfabrikkane etter produksjonsgrupper.

	1958	1959	1960	1961	1962
Mjølkesalsmeieri	41	46	40	46	43
Samlestasjonar	119	99	85	75	76
Smør- og fløytemeieri	23	23	24	17	16
Setermeieri	1	1	1	1	1
Mysostkokeri	19	16	9	10	7
Gamalostysteri	2	2	2	3	4
Meieri med blanda drift	178	179	187	185	190
Kondenseringsfabrikkar	4	3	3	3	3
Verksemder i alt	387	369	351	340	340

I tabell 1 er meieria delte i grupper etter måten mjølkefeittet er nytta på. Minst 75 prosent (for mysostkokeria 50 prosent) av mjølkefeittet må verta nytta til den produksjon som er særmerkt for gruppa. Dei meieria som ikkje kjem med i noka særgruppe, er samla i gruppa «blanda drift».

Tabell I bak i boka syner meieria etter produksjonsgrupper for kvart fylke i 1962. Produksjonsgruppene er nærare omtala i bolk V.

Inndelinga av meieria etter storleik er gjort etter mjølkemengd innvegen frå egne leverandørar.

Tabell 2. Meieria etter innvegen mjølkemengd.

År	Innvegen mjølkemengd pr. år						
	Mindre enn 100 tonn	100—200 tonn	200—500 tonn	500—1000 tonn	1000—2000 tonn	2000—5000 tonn	5000 tonn og meir
1958...	11	12	34	53	72	138	63
1959...	8	10	29	42	65	144	68
1960...	8	11	18	28	64	138	81
1961...	5	10	17	25	62	134	84
1962...	8	7	16	26	59	131	90

I 1962 hadde 27 prosent av meieria ei innvegen mjølkemengd på over 5 000 tonn, medan 16 prosent av meieria vog inn så mykje mjølk frå egne leverandørar i 1958.

Tabell 3. Meieria og kvar dei ligg.

År	Meieri		
	i alt	i bygder	i byar
1958.....	383	324	59
1959.....	366	307	59
1960.....	348	291	57
1961.....	337	280	57
1962.....	337	287	50

I 1962 låg 287 meieri i bygdene og 50 i byane. Endringane frå 1961 heng saman med den nye kommuneinndelinga.

2. Personale og driftstid.

I 1962 var det sysselsett i alt 7 882 personar ved meieria. Ved sjølvmeieridrifta var det sysselsett 5 352 personar. Dei fordelte seg med 3 555 ved meieria, 916 ved kontor og 881 ved transport. Det var sysselsett 655 personar ved fjøskontrollen i 1962. Ved mjølkeutsal var det sysselsett i alt 1 175 personar, og av desse hadde 520 deltidsarbeid. I andre verksemdar var det 700 sysselsette.

Tabell II bak i boka har oppgåver over sysselsetjinga ved meieria i kvart einskilt fylke i 1962.

I 1962 var det gjennomsnittleg 16,2 sysselsette ved alle produksjons- og mjølkesalsmeieria, mot 16,1 året før. Sysselsetjinga pr. mill. kg innvegen mjølk har vore 2,9 personar dei siste 3 åra ved desse meieria. I desse tala er berre rekna med dei som var sysselsette ved meieri og kontor.

Av dei 337 meieria i 1962 var 326 i drift heile året. Driftstida var mellom 9 og 11 månader for 2 meieri, medan 6 meieri hadde ei driftstid på 6—9 månader. Det var 3 meieri som hadde ei stuttare driftstid enn eit halvt år.

Tabell 4. Personalet ved meieria.

År	Meieri og transport			Sideverksemdr			Perso- nale i alt	Med meieriutdanning	
	Menn	Kvinner	I alt	Mjølke- utsal	Fjøs- kontroll	Anna		Menn	Kvinner
1958.....	3 627	1 484	5 111	1 213	..	1573	16 897	620	245
1959.....	3 696	1 437	5 133	1 222	560	929	7 844	641	235
1960.....	3 781	1 445	5 226	1 209	589	906	7 930	655	243
1961.....	3 865	1 420	5 285	1 156	626	770	7 837	662	233
1962.....	3 967	1 385	5 352	1 175	655	700	7 882	665	218
I 1962 ved:									
Meieri	2 710	845	3 555
Kontor	378	538	916
Transport ...	879	2	881

¹ Oppgaver frå nokre sideverksemdr vantar.

3. Leverandørar og parthavarar og mjølkekyr og mjølkegeiter hos desse.

Frå 1961 til 1962 var det nedgang i talet på både leverandørar og parthavarar. I 1962 hadde meieria 123 000 leverandørar, og av desse var 109 000 parthavarar. Dei tilsvarende tal for 1961 var 126 000 og 111 000.

Etter årsoppgåvene for 1962 hadde leverandørane i alt 541 000 mjølkekyr, og av desse hadde parthavarane 499 000 (92,2 prosent). I 1961 hadde parthavarane 91,2 prosent av mjølkekyrne.

Tabell 5. Leverandørar og parthavarar og mjølkekyr og mjølkegeiter hos desse.

Fylke	Leverandørar				Mjølkekyr				Mjølkegeiter	
	1961		1962		1961		1962		1962	
	I alt	Av dei part- hava- rar	I alt	Av dei part- hava- rar	I alt	Hos part- hava- rar	I alt	Hos part- hava- rar	I alt	Hos part- hava- rar
Østfold	3 909	3 787	3 408	3 322	27 223	26 734	24 227	23 836	—	—
Akershus og Oslo	4 066	3 825	3 806	3 631	29 115	27 884	30 347	29 342	—	—
Hedmark	8 356	7 304	7 903	7 335	35 614	32 536	35 549	34 164	7 306	6 671
Oppland	11 125	9 412	10 826	9 213	54 754	50 465	54 979	50 386	12 025	11 121
Buskerud	4 351	3 704	4 225	3 553	20 824	18 141	20 004	18 149	1 919	1 789
Vestfold	2 666	2 569	2 606	2 504	14 216	13 240	12 912	12 522	—	—
Telemark	3 637	3 133	3 546	3 059	13 695	12 652	13 168	10 451	1 895	950
Aust-Agder.....	3 571	2 896	3 501	2 867	7 264	6 259	7 156	6 280	—	—
Vest-Agder.....	4 446	4 322	4 348	4 220	16 273	15 887	14 086	13 935	—	—
Rogaland	9 250	8 838	9 180	8 818	62 170	60 636	63 270	61 754	1 070	1 069
Hordaland og Bergen	9 305	8 338	9 260	8 337	34 989	31 863	34 697	32 011	4 627	3 727
Sogn og Fjordane	8 806	7 482	8 739	7 501	34 399	30 236	34 291	29 394	4 699	4 520
Møre og Romsdal	13 149	12 373	13 142	12 373	48 310	45 120	48 577	45 399	6 078	6 057
Sør-Trøndelag ..	8 629	7 556	8 460	7 575	45 059	39 258	44 969	41 150	1 135	799
Nord-Trøndelag	7 370	6 507	7 333	6 784	37 312	34 354	35 930	33 405	2 259	2 246
Nordland	13 367	10 107	12 728	9 799	38 383	29 034	38 313	31 329	4 920	4 615
Troms	7 810	6 639	7 703	6 554	22 220	20 159	22 825	20 619	9 645	7 784
Finmark	2 337	1 738	2 298	1 778	6 182	5 284	5 997	5 025	—	—
I alt.....	126150	110530	123012	109223	548002	499742	541297	499151	57 578	51 348

Talet på mjølkegeiter gjekk opp frå 57 000 i 1961 til 58 000 i 1962. Part-havarane hadde 51 000 av geitene i 1962, mot 50 000 året før.

III. Innvegen mjølkemengd og kva denne er nytta til.

1. Innvegen mjølkemengd og kvaliteten av mjølka.

I 1962 var den innvegne mjølkemengda ved meieria og kondenseringsfabrikkane 1 358 627 tonn kumjolk, 18 561 tonn geitmjolk og 460 tonn fløyte, som etter feittinnhaldet svarar til 3 109 tonn heilmjolk. Samla innvegen mjølkemengd omrekna til heilmjolk var såleis 1 380 297 tonn i 1962, mot 1 327 651 tonn året før. Dette var ein auke på 52 646 tonn, eller 4,0 prosent. Av den innvegne mjølkemengda i 1962 vart 18 026 tonn levert direkte til kondenseringsfabrikkane, mot 16 828 tonn i 1961.

Tabell 6. Mjolk og fløyte innvegen ved meieria og kondenseringsfabrikkane. Tonn.

År	Ved meieria				Ved kondenseringsfabrikkane, kumjolk	I alt innvegen, omrekna til heilmjolk
	Kumjolk	Geitmjolk	Fløyte	I alt omrekna til heilmjolk		
1958.....	1 145 263	17 423	615	1 166 717	17 915	1 184 632
1959.....	1 197 067	18 561	542	1 219 260	15 797	1 235 057
1960.....	1 281 896	18 802	597	1 304 766	16 774	1 321 540
1961.....	1 289 430	18 217	474	1 310 823	16 828	1 327 651
1962.....	1 340 601	18 561	460	1 362 271	18 026	1 380 297

Etter månadsmeldingane frå meieria i 1962, vart det innvege størst mjølkemengd i mai og juni og minst i oktober og november. I høve til 1961 var det i 1962 størst auke i innvegen mjølkemengd i 4. kvartal med 6,3 prosent, og minst i 2. kvartal med 1,9 prosent. Det vart innvege 0,7 prosent

Tabell 7. Innvegen mjølkemengd etter månadsmeldingane.

Månad	Tonn				Prosent			
	1959	1960	1961	1962	1959	1960	1961	1962
Januar	86 998	91 639	93 933	99 402	7,0	6,9	7,1	7,2
Februar.....	84 347	97 699	92 375	96 389	6,8	7,4	6,9	7,0
Mars	103 174	117 905	115 261	121 560	8,3	8,9	8,7	8,8
April	122 994	137 089	135 966	139 426	9,9	10,3	10,2	10,1
Mai	138 772	152 617	153 829	152 798	11,1	11,5	11,6	11,0
Juni	141 751	143 463	147 170	153 146	11,4	10,8	11,0	11,1
Juli	121 358	123 299	128 467	137 730	9,7	9,3	9,6	10,0
August	104 713	113 335	112 075	115 832	8,4	8,6	8,4	8,4
September ..	90 331	95 412	96 142	93 004	7,3	7,2	7,2	6,7
Oktober	81 766	84 234	84 353	88 644	6,6	6,4	6,3	6,4
November...	79 546	80 813	83 340	87 391	6,4	6,1	6,3	6,3
Desember ...	88 012	88 073	89 049	96 953	7,1	6,6	6,7	7,0
I alt.....	1 243 762	1 325 578	1 331 960	1 382 275	100,0	100,0	100,0	100,0

mindre mjølk i mai 1962 enn i mai året før, og i september var det ein nedgang på 3,3 prosent. I desember 1962 var innvegen mjølkemengd 8,9 prosent høgare enn i desember 1961.

I 1962 tok meieria imot i alt 158 277 tonn heilmjølk, 9 947 tonn kremfløyte, 95 tonn 10-prosent fløyte og 9 008 tonn annan fløyte frå samlestasjonar og andre meieri. I tabell IV bak i boka er det fylkestal for mottaken mjølk og fløyte frå andre meieri.

Medelfeittinnhaldet i kumjølka var 4,09 prosent i 1962 mot 4,06 året før. Vest-Agder hadde den høgste feittprosenten med 4,22 og Troms den lågste med 3,80. Det var 9 meieri som hadde ein feittprosent i mjølka på 3,75 eller mindre, og 96 meieri hadde frå 3,76 til 4,00. Vel 60 prosent av meieria — 205 av 337 — hadde ein feittprosent på 4,01—4,25, medan 27 meieri hadde meir enn 4,25 prosent feitt i kumjølka.

Medelfeittinnhaldet i geitmjølka var 3,33 prosent i 1962. Det var det same som i 1960 og 1961. Møre og Romsdal hadde den feitaste geitmjølka (3,84 prosent) og Troms den magraste (2,68 prosent).

I 1962 var det oppgjer for mjølka etter feittinnhaldet ved alle meieria. I alt 326 meieri betalte etter differansen 0,8 øre eller mindre pr. 0,1 prosent feitt, 10 meieri etter differansen 0,9 øre og 1 meieri etter differansen 1,0 øre.

Det vart i 1962 teke 4,08 mill. reduktaseprøver (prøver på bakterieinnhaldet i mjølka), mot 3,88 mill. året før. Av prøvene i 1962 var 88,0 prosent i kl. 1 og 9,5 prosent i kl. 2. I kl. 3 kom 1,9 prosent av prøvene, medan 0,6 prosent av prøvene kom i kl. 4. Sør-Trøndelag hadde den høgste prosenten i kl. 1, medan Troms hadde den lågste. Resultatet for dei einskilde fylka i 1962 er teke inn i tabell VI bak i boka.

2. Produksjon av smør, ost og mysost.

Smørproduksjonen gjekk opp frå 1961 til 1962 med 889 tonn til 17 913 tonn. Dette var ein auke på 5,2 prosent. Kvitostproduksjonen gjekk opp med 2 363 tonn (8,9 prosent) til 28 984 tonn i 1962. Av kvitostproduksjonen var 27 692 tonn (96 prosent) feit ost og 1 292 tonn mager ost. Produksjonen av gaudaost utgjorde over halvparten av heile kvitostproduksjonen i 1962.

Produksjonen av brunost auka frå 13 436 tonn i 1961 til 13 957 tonn i 1962. Dette var ein auke på 3,9 prosent. Av brunostproduksjonen i 1962 var 93 prosent geit- og fløytemysost og 7 prosent mager mysost og prim.

Tabell VII bak i boka syner produksjonen av smør og ost i dei einskilde fylka i 1962.

Tabell 8. Produksjon av smør og ost. Tonn.

	1958	1959	1960	1961	1962
Smør	13 422	14 870	17 613	17 024	17 913
Gaudaost { heilfeit.....	13 954	16 800	16 123	14 709	15 438
{ halvfeit.....	49	26	67	131	115
Jarlsbergost	1 056	1 747	2 680
Nøkkelost { heilfeit.....	3 588	2 746	3 067	3 013	3 078
{ halvfeit.....	208	244	309	556	484
Edamerost	798	725	715	822	1 089
Sveitserost	275	371	628	638	444
Normannaost	1 098	1 216	1 355	1 440	1 622
Tilsiter	1 000	1 043	1 388	1 681	1 843
Cheddar	78	17	168	190	487
Gamalost	334	612	328	402	424
Pultost	694	645	669	702	625
Saupost	121	116	119	111	105
Andre ostesortar	674	556	626	479	550
Kvitost i alt	22 871	25 117	26 618	26 621	28 984
Av dette:					
Feit ost	21 695	23 730	25 491	25 325	27 692
Mager ost	1 176	1 387	1 127	1 296	1 292
Smelteost	1 108	1 243	1 206	1 210
Kasein til før	199	214	254	244	175
Kasein til tørking	4 678	5 402	5 682	5 091	5 159
Geitost, ekte	1 092	1 316	1 324	1 273	1 280
Gudbrandsdalsost	7 369	7 249	6 993	7 270	7 334
Geitost, blanda	1 155	687	649	433	506
Fløytemysost { heilfeit.....	3 474	3 209	3 467	3 471	3 665
{ halvfeit.....	277	237	224	197	254
Mysost	19	37	29	2	60
Prim	644	648	798	790	858
Brunost i alt	14 030	13 383	13 484	13 436	13 957
Av dette:					
Geit- og fløytemysost	13 367	12 698	12 657	12 644	13 040
Mager mysost og prim	663	685	827	792	917
Mysekonsentrat	464	674	444	540

Etter årsmeldinga frå Norske Melkeprodusenters Landsforbund vart det i 1962 produsert 1 861 tonn fjell- og gardssmør som hadde krav på stats-tilskot. Vidare vart det gjeve tilskot til 122 tonn gards- og seterost. Av dette var 120 tonn ekte geitost (F.G.) og 2 tonn blanda geitost (B.G.).

Tabell 9. Produksjon av smør og ost for kvar måned i 1962, etter månadmeldingane. Prosent.

	Smør	Kvitost	Brunost	Kvitost og brunost i alt	Smelteost	Kasein
Januar	5,9	5,3	8,9	6,5	9,8	9,6
Februar.....	5,7	5,5	8,7	6,5	8,3	8,6
Mars	8,4	8,4	10,3	9,0	9,3	9,9
April	12,1	10,3	9,6	10,1	6,0	10,2
Mai	14,4	11,8	10,4	11,3	8,3	11,1
Juni	15,2	12,7	10,3	11,9	8,7	10,9
Juli	12,9	11,9	9,7	11,2	6,0	9,9
August	7,8	9,9	8,6	9,5	9,5	7,3
September	5,0	7,5	5,8	6,9	5,3	4,3
Oktober	3,7	6,2	5,9	6,1	9,7	3,8
November	4,1	5,2	6,6	5,7	11,1	5,8
Desember	4,8	5,3	5,2	5,3	8,0	8,6
I alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Produksjonen av smør var størst i juni og minst i oktober. Kvitostproduksjonen var størst i juni og minst i november. Det vart produsert mest brunost i mai og minst i desember.

3. Sal av mjølk og fløyte til konsum.

Oppgåvene over mjølk- og fløytesalet skil mellom sal til konsum og sal til annan bruk, til dømes til bakeri og annan matvareindustri.

Tabell 10. Sal av mjølk og fløyte til konsum. Tonn.

År	Heilmjølk	Kulturmjølk		Skumamjølk	Saup	Fløyte				I alt
		Uskuma	Skuma			10 pst.		20 pst.	Krem 35 pst.	
						Vanleg	Sterilisert			
1958.....	423 217	20 007	3 253	12 730	593	130	2 069	2 153	14 531	478 683
1959.....	420 884	22 311	4 328	19 405	604	127	2 108	2 277	15 083	487 127
1960.....	442 827	22 056	3 814	12 774	505	91	2 215	2 286	16 325	502 893
1961.....	445 224	23 152	5 019	14 416	521	56	2 422	2 402	17 237	510 449
1962.....	457 884	23 556	5 406	17 678	394	130	2 223	2 392	17 947	527 610

Frå 1961 til 1962 gjekk konsumsalet opp frå 510 449 tonn til 527 610 tonn, dvs. ein auke på 3,4 prosent. Konsumet av heilmjølk auka frå 1961 til 1962 med 12 660 tonn (2,8 prosent) til 457 884 tonn. Salet av kremfløyte auka med 710 tonn til 17 947 tonn, medan konsumet av dei andre fløytesortane var 135 tonn mindre enn i 1961. Av samla sal til konsum i 1962 vart 371 486 tonn eller 70,4 prosent omsett på flasker eller kartongar. Året før var tilsvarande tal 346 406 tonn og 67,9 prosent.

Omrekna til heilmjølk var salet til konsum 657 799 tonn, eller 47,7 prosent av den innvegne mjølkemengda i 1962, mot 48,1 prosent i 1961.

Tabell VIII bak i boka syner konsumsalet i kvart fylke i 1962.

4. Mjølkk og fløyte nytta i industrien.

Desse oppgåvene femner over mjølk som vert nytta til annan produksjon enn vanlege meieriprodukt. Her kjem såleis all mjølk og fløyte som meieria sjølve og kondenserings- og tørrmjølkfabrikkane har nytta til kondensering, mjølkepulver og iskrem. I tillegg kjem den mjølka og fløyten som meieria har selt til annan industri. Sal til industribruk er definert som sal til margarin-, hermetikk- og kondenseringsfabrikk, tørrmjølkkanlegg, bakeri, konditori, iskremfabrikk o. l. næringsmiddelindustri m. v.

Tabell 11. Mjølkk og fløyte nytta i industrien. Tonn.

År	Heilmjølk	Kulturmjølk		Skumamjølk	Saup	Fløyte			I alt
		Uskuma	Skuma			10 pst.	20 pst. og annan	Krem 35 pst.	
1958.....	28 062	167	663	40 540	30	52	46	1 221	70 781
1959.....	25 546	123	1 259	43 864	201	13	76	872	71 954
1960.....	31 491	192	920	47 917	34	117	124	1 341	82 136
1961.....	28 243	244	2 081	45 376	10	136	767	1 212	78 069
1962.....	31 590	133	1 623	53 585	7	38	48	848	87 872

I 1962 vart det i industrien nytta i alt 87 872 tonn mjølk og fløyte, mot 78 069 tonn i 1961. Det vart nytta 15 prosent meir mjølk i 1962 enn året før, medan fløytemengda gjekk ned til om lag halvparten.

Omrekna til heilmjølk vart 39 499 tonn eller 2,9 prosent av den innvegne mjølkemengda nytta i industrien.

I tabell IX er det oppgaver for kvart fylke over mjølk og fløyte nytta i industrien.

Etter oppgaver frå margarinkontrollen vart det i 1962 produsert 96 831 tonn margarin, matfeitt og feitemulsjon. Til dette og til produksjon av matolje, feitt i fat og ymse andre produkt, i alt 2 338 tonn, vart det nytta 195 tonn heilmjølk, 86 tonn mjølkepulver, 103 tonn smør og 86 tonn skumamjølk og saup.

Kondensering av mjølk vart i 1962 driven ved 3 fabrikkar. Tilverking av mjølkepulver gjekk for seg ved kondenseringsfabrikkane, og dessutan ved 4 andre verksemdar.

5. Sal av smør, ost og mysost.

a. Innalandsk sal.

Oppgåvene over innalandsk sal av smør og ost har Byrået fått frå Norske Meieriers Salgssentral og ostefabrikkar utanom meieribruket.

I 1962 vart det selt 9,3 prosent meir smør enn året før, medan ostesalet var 1,5 prosent lægre. Tabell X bak i boka, som har månadstal for salet i 1962, syner at det vart selt mest smør i juni og minst i mars. Ostesalet var størst i juni og minst i desember.

Tabell 12. Innalandsk sal av smør og ost. Tonn.

År	Smør	Kvitost	Smelteost	Brunost	Ost i alt
1958.....	9 641	14 666	2 210	13 156	30 032
1959 ¹	9 136	14 746	2 167	12 977	29 890
1960 ¹	11 158	15 613	2 253	13 026	30 892
1961 ¹	11 429	16 167	2 017	13 129	31 313
1962 ¹	12 490	15 933	1 850	13 063	30 846

¹ Etter Markedsorientering fra N. M. S.

b. Utførsle og innførsle.

Utførsle av smør gjekk ned 5,3 prosent frå 1961 til 1962, medan utførsle av ost var om lag uendra. Innførsle av ost var om lag den same i 1962 som året før.

Tabell 13. Utførsle og innførsle av smør og ost.

År	Utførsle								Innførsle	
	Smør		Kvitost		Smelteost		Brunost		Ost	
	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.	Tonn	1000 kr.
1958	4 311	20 465	4 342	14 414	1 153	6 637	253	1 790	231	1 224
1959	6 371	41 532	8 459	31 817	982	5 736	259	1 813	218	1 428
1960	6 754	37 230	8 850	29 756	1 235	6 703	281	1 976	288	1 823
1961	5 425	29 439	7 647	26 562	1 567	8 187	288	2 018	238	1 556
1962	5 135	30 604	7 835	27 430	1 407	7 050	295	2 055	237	1 726

6. Retur og oppføring av skumamjolk, saup, mjølkepulver og myse.

I 1962 vart i alt returnert til leverandørane 287 806 tonn skumamjolk, 19 624 tonn saup, 1 236 tonn mjølkepulver og 109 158 tonn myse.

Det har òg vore sal til ikkjeleverandørar. I 1962 vart det selt 9 462 tonn myse, 452 tonn saup og skumamjolk og 91 tonn mjølkepulver.

Tabell 14. Retur og sal m. v. av skumamjolk, saup, mjølkepulver og myse til oppføring. Tonn.

		1958	1959	1960	1961	1962
Retur til leverandørane	Skumamjolk.	245 742	258 580	291 820	294 091	287 806
	Saup	13 083	14 968	17 938	17 557	19 624
	Mjølkepulver	1 658	1 598	1 254	1 510	1 236
Sal til andre	Myse	103 916	112 191	121 912	127 290	109 158
	Skumamjolk.	1 112	1 946	913	1 072	179
	Saup	184	557	428	381	273
Føra opp på meieriet	Myse	4 377	4 490	10 032	3 950	9 462
	Skumamjolk.	120	103	21	42	31
	Saup	62	29	29	17	17
Unyttta myse	705	465	421	549	654	
		..	18 780	26 230	22 051	28 450

I tillegg til retur kjem magermjølk som er halden attende etter fløytelevering til meieria. For 1962 er mengda av denne mjølka rekna til 2 601 tonn mot 2 649 tonn i 1961. Det er då teke omsyn til svinn ved skuminga. I tabell 30 er det teke inn fylkestal for mengd og verdi av gratis returnert skumamjølke og magermjølke som er halden attende etter fløytelevering.

Meieria har òg nytta skumamjølke, saup og myse til oppfòring, dei siste ára berre i Trøndelagsfylka. I 1962 vart det nytta vel 15 prosent meir til fòr enn året før.

Tabell V bak i boka gjev oppgåver over retur og sal m. v. av skumamjølke, mjølkepulver og myse til fòr og unytta myse.

7. Varelager ved meieria.

Månadsmeldingane over meieridrifta syner at ved utgangen av 1962 var det på lager 344 tonn smør, 6 137 tonn kvitost og 686 tonn brunost.

Tabell 15. Lager ved meieria. 1962.

Månad	Tonn			Same månad i 1961=100		
	Smør	Kvitost	Brunost	Smør	Kvitost	Brunost
Januar	289	4 126	612	89	108	100
Februar.....	289	4 089	669	87	110	111
Mars	388	4 797	618	111	115	104
April	510	6 123	685	121	116	107
Mai	510	7 461	635	101	116	99
Juni	479	8 204	638	135	112	91
Juli	398	8 764	711	110	110	99
August	354	8 810	766	108	120	138
September	408	8 111	716	127	116	104
Oktober	457	7 431	752	130	120	108
November.....	469	6 637	760	101	132	109
Desember	344	6 137	686	104	137	98

Det var størst lager av smør i april og mai. Lagra av kvit- og brunost var størst ved utgangen av august.

8. Mjølkeomsetnad utanom meieria.

Statistikken over mjølkesalet utanom meieria er sett opp etter dei oppgåver Omsetningsrådet har over avgiftspliktig sal.

Det vart i 1962 betalt 1 277 000 kr. i tilskot til 8 555 000 liter mjølke. Dei tilsvarande tal i 1961 var 1 562 000 kr. og 8 622 000 liter.

Tabell 16. Omsetnad av mjølk utanom meieria¹. Liter.

Mjølkesentral	1958	1959	1960	1961	1962
Østlandets	2 124 093	1 926 328	2 125 940	1 701 380	1 430 483
Telemark	206 497	136 967	222 215	199 088	195 111
Aust-Agder	176 940	227 976	241 355	191 100	128 569
Vest-Agder	279 174	258 076	421 738	375 930	297 319
Vestlandske	2 126 305	1 443 602	1 650 172	1 654 161	1 432 675
Møre og Romsdal .	2 252 097	976 948	790 327	1 444 231	788 751
Trøndelag	686 801	421 834	484 177	450 011	379 937
Nord-Norges	4 898 121	1 794 119	3 186 125	2 274 640	3 394 271
Finnmarksmeieria .	685 673	283 013	487 721	331 018	507 482
I alt	13 435 701	7 468 863	9 609 770	8 621 559	8 554 598

¹ Etter oppgåve frå Omsetningsrådet og Norske Melkeprodusenters Landsforbund.

9. Måten mjølkefeittet er nytta på.

Ved fordeling av mjølkemengda etter kva denne vert nytta til, vert mengd mjølkefeitt lagt til grunn for utrekningane. Når til dømes alt feittet i mjølka er nytta til smørproduksjon, og skumamjølkk og saup er nytta til konsum eller produksjon av magerost, vert all mjølka rekna som nytta til denne smørproduksjonen.

Tabell 17. Mjølkemengda etter bruken av mjølkefeitt.

År	Heilmjølkk i alt	Av dette til:			
		Kinning	Ysting	Konsum	Industribruk
Tonn					
1958	1 184 632	282 962	270 854	591 200	39 616
1959	1 235 057	314 943	284 003	601 867	34 244
1960	1 321 540	372 674	284 131	621 124	43 611
1961	1 327 651	355 185	290 571	638 439	43 456
1962	1 380 297	371 999	311 000	657 799	39 499
Prosent					
1958	100,0	23,9	22,9	49,9	3,3
1959	100,0	25,5	23,0	48,7	2,8
1960	100,0	28,2	21,5	47,0	3,3
1961	100,0	26,7	21,9	48,1	3,3
1962	100,0	26,9	22,5	47,7	2,9

IV. Økonomisk resultat av meieridrifta.

1. Prisar på meieriprodukta.

For mjølk, fløyte og dei fleste osteslaga er forbrukarprisane fastsette av Prisdirektoratet som maksimalprisar.

Tabell 18. Maksimalprisar¹ på mjølk og fløyte i utsal.
Prisgruppe I og II. Øre pr. liter.

	Frå 27. mars 1961		Frå 1. sept. 1961		Frå 1. juli 1962	
	I	II	I	II	I	II
Heilmjølk	66	64	74	72	75	73
Uskuma kulturmjølk	71	69	79	77	80	78
Skumamjølk	39	37	44	42	45	43
Saup og skuma kulturmjølk	44	42	49	47	50	48
Fløyte med 10 pst. feitt ²	260	255	269	264	275	270
Fløyte med 20 pst. feitt	465	455	480	470	490	480
Konditorkrem med 35 pst. feitt.	775	755	800	780	822	802

¹ Ved levering av mjølk og fløyte i flasker, 5 øre pr. flaske i tillegg. ² For sterilisert fløyte med 10 pst. feitt levert i 1/4 l flasker er maksimalprisen 97 øre pr. flaske frå 1/7—62.

Frå 14. februar 1962 vart utsalsprisane på smør og alle prisregulerte osteslag sette opp. Årsaka var ein auke i detaljavansen.

Tabell 19. Prisar på kløvermerkt smør og ost ved sal til detaljistar og store forbrukarar og ved sal til forbrukar. Kr. pr. kg.

	Maksimalpris til detaljist			Maksimalpris til forbrukar		
	1/9	14/2	1/7	1/9	14/2	1/7
	1961	1962	1962	1961	1962	1962
Kløvermerkt meierismør	8,05	8,05	8,05	10,10	10,40	10,40
Off. godkjent gards- og fjellsmør.	7,80	7,80	7,80	10,00	10,10	10,10
Sveitserost, heilfeit F. 45	8,96	8,96	9,14	12,20	12,95	13,20
Edamerost, heilfeit F. 45	6,88	6,88	7,09	9,35	9,95	10,25
Gaudaost, heilfeit F. 45	6,29	6,29	6,51	8,55	9,10	9,40
» halvfeit H. 30	5,84	5,84	6,16	7,95	8,45	8,90
Nøkkelost, heilfeit F. 45	6,39	6,39	6,58	8,70	9,25	9,50
» halvfeit H. 30	5,95	5,95	6,37	8,10	8,60	9,20
Normannaost, heilfeit F. 50	6,86	6,86	7,06	9,35	9,90	10,20
Pultost, gjæra ¹	4,06	4,06	4,36	5,85	5,85	6,30
Gamalost ¹	7,27	7,27	7,55	10,50	10,50	10,90
Ekte geitost, heilfeit F.G. 33 ...	9,62	9,62	9,82	13,05	13,35	13,65
Gudbrandsdalsost, G. 35	6,36	6,36	6,55	8,40	8,60	8,85
Blanda geitost, B.G. 33	6,16	6,16	6,37	8,15	8,30	8,60
Fløytemysost, heilfeit F. 33	5,41	5,41	5,63	7,15	7,30	7,60
» halvfeit H. 20 ...	4,71	4,71	5,04	6,20	6,35	6,80
Prim, vanleg ¹	3,56	3,56	3,88	5,15	5,15	5,60

¹ Fri marknadspis.

I samsvar med jordbruksavtala for 1961—1963 vart prisane på mjølk og mjølkeprodukt sette opp frå 1. juli 1962.

2. Statstilskota til mjølk og mjølkeprodukt.

Reglane for statstilskot har vorte endra mange gonger dei seinare åra. Føresegnene som gjeld no for statstilskot til regulering av prisane på mjølk og mjølkeprodukt, vart fastsette i kunngjering frå Prisdirektoratet av 1. juli 1956 og ved seinare endringar.

Dei samla statstilskota til mjølk og mjølkeprodukt var snau 465 mill. kr. i 1962, mot 452 mill. kr. året før. Det svarar til ein auke i statstilskota på 2,8 prosent.

Tabell 20. Statstilskot til mjølk og mjølkeprodukt. Kr.

	Forskot på riksoppgjæret	Direkte- leveran- dorar	Fjell- og gardsmør	Gards- og seterost	Pris- reduisert ost	Frakt- tilskot lange mjølkeruter
1958—59.....	200 234 009	1 136 560	12 083 636	472 708	4 074 714	619 069
1959—60.....	269 282 394	1 298 085	11 831 672	518 034	13 169 940	—
1/7—31/12 1960 ...	146 384 630	679 839	5 521 039	229 907	8 929 306	—
1961.....	301 610 762	1 561 712	11 680 831	426 185	19 328 253	—
1962.....	311 668 570	1 276 954	12 755 906	405 972	19 074 716	—
Mjølkesentralane 1962:						
Østlandets	119 470 136	154 922	1 705 192	—	5 035 839	—
Telemark	6 710 743	27 756	947 125	—	448 640	—
Aust-Agder.....	2 666 970	14 308	413 066	—	320 635	—
Vest-Agder	7 176 990	33 958	782 270	—	517 012	—
Vestlandske	75 752 493	198 687	3 599 091	—	4 167 092	—
Møre og Romsdal .	22 968 932	123 361	562 158	—	1 828 534	—
Trøndelag	48 478 988	30 859	3 028 896	—	2 794 937	—
Nord-Norges	26 747 884	567 309	1 679 881	—	3 526 409	—
Finnmarksmeieria .	1 695 434	116 794	5 723	—	435 618	—
Norske Meieriers Salgssentral	—	—	32 504	405 972	—	—
De Norske Melke- fabrikker og Fellesmeieriet...	—	—	—	—	—	—
	Særtilskot Sør-Noreg	Særtilskot Nordland og Troms	Særtilskot Finnmark	Tilskot til konden- sert mjølk og tørr- mjølk	Drifts- tilskot	I alt tilskot
1958—59.....	30 966 869	10 976 514	3 232 427	221 083	61 655 120	325 672 709
1959—60.....	33 976 758	11 649 052	4 317 408	1 097 565	62 947 088	410 087 996
1/7—31/12 1960 ...	16 486 926	7 005 781	2 678 266	604 164	33 776 293	222 296 151
1961.....	34 772 900	13 027 136	5 430 840	1 200 700	62 949 306	451 988 625
1962.....	36 424 352	13 635 821	5 934 448	1 003 266	62 620 312	464 800 317
Mjølkesentralane 1962:						
Østlandets	7 951 669	—	—	—	18 630 982	152 948 740
Telemark	1 185 192	—	—	—	1 804 807	11 124 263
Aust-Agder.....	432 721	—	—	—	860 600	4 708 300
Vest-Agder	1 773 903	—	—	—	2 078 367	12 362 500
Vestlandske	13 344 854	—	—	—	14 556 281	111 618 498
Møre og Romsdal .	6 117 935	—	—	—	5 849 946	37 450 866
Trøndelag	5 613 435	39 428	—	—	9 602 014	69 597 557
Nord-Norges	—	13 596 393	—	—	8 360 118	54 477 994
Finnmarksmeieria .	—	—	5 934 448	—	877 197	9 065 214
Norske Meieriers Salgssentral	4 643	—	—	—	—	443 119
De Norske Melke- fabrikker og Fellesmeieriet...	—	—	—	1 003 266	—	1 003 266

Tabell 21. Frakttilskot av kraftförfondet. Kr.

Mjølkesentral	1958—59	1959—60	2. halvår 1960	1961	1962
Østlandets	1 689 174	2 331 025	1 458 660	2 755 618	4 372 302
Telemark	181 550	229 858	106 438	278 651	387 250
Aust-Agder	104 802	153 420	82 077	171 061	207 563
Vest-Agder	311 235	381 431	196 194	397 702	502 165
Vestlandske	1 570 173	2 332 415	1 033 321	2 317 820	2 935 258
Møre og Romsdal ..	1 215 453	1 654 012	903 432	1 811 535	2 154 310
Trøndelag	1 201 349	1 470 802	767 952	1 658 427	2 340 119
Nord-Norges	1 827 290	2 427 588	1 491 048	2 864 569	3 389 826
Finnmarksmeieria .	357 427	427 774	248 630	521 111	601 526
I alt	8 458 453	11 408 325	6 287 752	12 776 494	16 890 319

Frå 1. juli 1958 er frakttilskotet dekt av kraftförfondet. Dei reglar som no gjeld for tilskot, er av 1. juli 1961. I 1962 var frakttilskotet på 16,9 mill. kr., mot 12,8 mill. kr. i 1961.

3. Driftsresultatet.

I dei fylgjande oppgåvene over det økonomiske resultat av drifta er ikkje kondenseringsfabrikkane tekne med, utan at dei er særskilt nemnde.

Samla bruttovinning er summen etter at omsetnadsavgiftene er frådregne og utjamningstilskota er tekne med i inntektene. Vidare er verdet av mjølk og fløyte frå andre meieri frådregne både i brutto- og nettovinninga.

Tabell XI gjev tal for dei einskilde fylka over bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning. Medelprisane er utrekna etter den mjølkemengd som er motteken frå eigne leverandørar.

I dei fylka som har teke imot suppleringsmjølk frå andre fylke, til dømes Akershus og Oslo, vil driftsutgiftene pr. kg mjølk verta noko høge, av di utgiftene til behandling av suppleringsmjølk har kome i tillegg. I dei fylka som sende suppleringsmjølk til andre fylke, vert det omvendt.

Samanlikna med 1959 hadde innvegen mjølkemengd i 1962 auka med 12 prosent. Driftsutgiftene hadde auka relativt meir enn både brutto- og nettovinninga.

Tabell 22. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning ved meieria.¹

År	Brutto- vinning av mjølka	Drifts- utgifter	Netto- vinning av mjølka	Brutto- pris	Drifts- utgifter	Netto- pris
	1000 kroner			Øre pr. kg mjølk		
1958.....	1 020 116	165 521	854 595	87,44	14,19	73,25
1959.....	1 110 965	173 432	937 533	91,12	14,23	76,89
1960.....	1 180 538	184 122	996 416	90,48	14,11	76,37
1961.....	1 233 725	194 619	1 039 106	94,12	14,85	79,27
1962.....	1 327 920	216 161	1 111 759	97,48	15,87	81,61

¹ Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

Tabell 23. Mjølkekemngd, brutto- og nettovinning og drifts-
utgifter ved meieria¹. 1959 = 100.

År	Innvegen mjølke- mengd	Brutto	Drifts- utgifter	Netto	Brutto	Drifts- utgifter	Netto
	I alt				Pr. kg mjølk		
1958.....	95,7	91,8	95,4	91,2	96,0	99,7	95,3
1959.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
1960.....	107,0	106,3	106,2	106,3	99,3	99,2	99,3
1961.....	107,5	111,0	112,2	110,8	103,3	104,4	103,1
1962.....	111,7	119,5	124,6	118,6	107,0	111,5	106,1

¹ Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

a. Bruttovinning.

Bruttovinninga ved meieria var 1 327,9 mill. kr. i 1962 mot 1 233,7 mill. kr. året før. Dette svarar til 97,48 og 94,12 øre pr. kg innvegen mjølk.

Av dei 1 327,9 mill. kr. i 1962 var 11,9 mill. kr. nettovinning av anna verksemd, som mjølkeutsal, innkjøpslag, transportavdeling m. v. Nokre meieri har ikkje skilt anna verksemd heilt ut, så det er truleg at nettovinninga av denne ligg noko høgre enn det oppgåvene syner.

b. Driftsutgifter.

Driftsutgiftene var i 1962 i alt 216,1 mill. kr. eller 15,87 øre pr. kg innvegen mjølk, mot 194,6 mill. kr. i alt og 14,85 øre pr. kg i 1961. Auken i driftsutgiftene frå 1961 til 1962 på 1,02 øre pr. kg mjølk svarar til 6,9 prosent.

Løner med pensjons- og trygdepremie m. v. utgjorde 37,4 prosent av driftsutgiftene, medan utgiftene til frakt og køyring av meierivarer (ikkje mjølk frå leverandørane) utgjorde 9,6 prosent. Avskrivningar på meieribygningar og utstyr utgjorde 15,0 prosent av driftsutgiftene og vedlikehaldsutgiftene 9,4 prosent.

Tabell 24. Spesifiserte driftsutgifter ved meieria.

Driftsutgifter	1958	1959	1960	1961	1962
	1000 kroner				
Løner	51 000	54 020	55 715	59 428	68 190
Sosiale utgifter	4 530	6 366	6 461	7 448	12 809
Kraft, vatn og kjøling	5 987	6 255	6 286	6 263	6 307
Brensel	8 849	7 900	7 478	7 435	7 699
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	6 418	7 586	8 607	9 027	9 262
Emballasje	11 822	12 028	13 692	15 822	18 003
Frakter og køyring	18 999	17 561	18 238	20 132	20 638
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m. .	8 090	8 772	9 339	9 862	10 915
Renter av gjeld	4 269	5 472	5 784	5 828	6 210
Forrentning av partskapital	813	970	804	1 003	1 319
Vedlikehald	17 258	17 607	18 412	20 098	20 365
Ymse	1 825	1 634	2 251	1 708	1 991
Avskrivning på meieribygge og utstyr	25 661	27 261	31 056	30 565	32 453
I alt.....	165 521	173 432	184 123	194 619	216 161
	Øre pr. kg innvegen mjølk				
Løner	4,37	4,43	4,27	4,53	5,01
Sosiale utgifter	0,39	0,52	0,50	0,57	0,94
Kraft, vatn og kjøling	0,51	0,51	0,48	0,48	0,46
Brensel	0,76	0,65	0,57	0,57	0,57
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	0,55	0,62	0,66	0,69	0,68
Emballasje	1,01	0,99	1,05	1,21	1,32
Frakter og køyring	1,63	1,44	1,40	1,54	1,51
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m. .	0,69	0,72	0,72	0,75	0,80
Renter av gjeld	0,37	0,45	0,44	0,44	0,46
Forrentning av partskapital	0,07	0,08	0,06	0,08	0,10
Vedlikehald	1,48	1,45	1,41	1,53	1,49
Ymse	0,16	0,13	0,17	0,13	0,15
Avskrivning på meieribygge og utstyr	2,20	2,24	2,38	2,33	2,38
I alt.....	14,19	14,23	14,11	14,85	15,87
	Prosent				
Løner	30,8	31,1	30,3	30,5	31,5
Sosiale utgifter	2,7	3,7	3,6	3,8	5,9
Kraft, vatn og kjøling	3,6	3,6	3,4	3,2	2,9
Brensel	5,3	4,6	4,0	3,8	3,6
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	3,9	4,4	4,7	4,7	4,3
Emballasje	7,1	6,9	7,4	8,1	8,3
Frakter og køyring	11,5	10,1	9,9	10,4	9,6
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m. .	4,9	5,0	5,1	5,1	5,1
Renter av gjeld	2,7	3,2	3,1	3,0	2,9
Forrentning av partskapital	0,5	0,6	0,4	0,5	0,6
Vedlikehald	10,4	10,2	10,0	10,3	9,4
Ymse	1,1	0,9	1,2	0,9	0,9
Avskrivning på meieribygge og utstyr	15,5	15,7	16,9	15,7	15,0
I alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

c. Nettovinning.

Samla nettovinning av meieridrifta i 1962 var 1 111,8 mill. kr., mot 1 039,1 mill. kr. året før. Dette svarar til 81,61 øre pr. kg innvegen mjølk i 1962 og 79,27 øre i 1961. Auken i nettovinninga frå 1961 til 1962 på 2,34 øre pr. kg mjølk svarar til 3,0 prosent.

Tabell 25. Nettovinning av meieridrifta og korleis vinninga er nytta.

År	Netto- vinning av drifta	Overført frå året før	I alt til disposisjon	Utbetalt leveran- dørane	Andre ut- reisler til leveran- dørane	Avsetnader, overføringar og tilskot til sos. føremål
1000 kroner						
1958	854 595	2 468	857 063	817 677	26 648	12 738
1959	937 533	1 836	939 369	892 491	32 397	14 481
1960	996 416	2 016	998 432	948 502	34 889	15 041
1961	1 039 106	2 747	1 041 853	988 439	37 068	16 346
1962	1 111 759	4 096	1 115 855	1 056 611	42 263	16 981
Øre pr. kg innvegen mjølk						
1958	73,25	0,21	73,46	70,08	2,29	1,09
1959	76,89	0,15	77,04	73,20	2,65	1,19
1960	76,37	0,15	76,52	72,70	2,67	1,15
1961	79,27	0,21	79,48	75,40	2,83	1,25
1962	81,61	0,30	81,91	77,56	3,10	1,25
Prosent						
1958	99,7	0,3	100,0	95,4	3,1	1,5
1959	99,8	0,2	100,0	95,0	3,5	1,5
1960	99,8	0,2	100,0	95,0	3,5	1,5
1961	99,7	0,3	100,0	94,9	3,5	1,6
1962	99,6	0,4	100,0	94,7	3,8	1,5

Mange meieri fører noko av vinninga over til neste år, slik at dei summane som står til rådvelde vil vera noko større enn nettovinninga av meieridrifta i året.

Ein del av nettovinninga vert ikkje utbetalt leverandørane direkte, men vert nytta til nytt utstyr og nybygg, fond eller andre føremål som kjem leverandørane til gode. Noko vert òg gjeve bort som tilskot, t. d. til ymse sosiale føremål o. a.

Det som står til disposisjon, er delt på tre hovudpostar, nemleg:

Utbetalt til leverandørane.

Andre utreisler til leverandørane.

Avsetnader, overføringar og tilskot til sosiale føremål.

Summane som er utbetalte leverandørane i året, femner òg om statens særtilskot til visse distrikt og statens driftstilskot.

I 1962 vart det utbetalt gjennomsnittleg 77,56 øre pr. kg mjølk til leverandørane, mot 75,40 øre pr. kg året før. Auken i utbetalinga på 2,16 øre pr. kg svarar til 2,9 prosent. Både statens særtilskot og driftstilskot var lægre pr. kg mjølk i 1962 enn året før.

Tabell 26. Utbetalt leverandørane.

År	Utanom særtilskot og driftstilskot			Statens særtilskot	Statens driftstilskot	I alt
	For kumjolk	Forgeitmjolk	For all mjolk			
	1000 kroner					
1958	701 867	16 061	717 928	40 968	58 781	817 677
1959	771 702	17 718	789 420	43 913	59 158	892 491
1960	821 050	18 635	839 685	47 885	60 932	948 502
1961	857 345	18 389	875 734	49 302	63 403	988 439
1962	923 224	20 711	943 935	50 166	62 510	1 056 611
	Øre pr. kg innvegen mjolk					
1958	60,07	92,18	61,53	3,51	5,04	70,08
1959	64,27	95,46	64,75	3,60	4,85	73,20
1960	63,85	99,12	64,36	3,67	4,67	72,70
1961	66,33	100,95	66,81	3,76	4,83	75,40
1962	68,71	111,59	69,29	3,68	4,59	77,56
	Prosent					
1958	85,8	2,0	87,8	5,0	7,2	100,0
1959	86,5	2,0	88,5	4,9	6,6	100,0
1960	86,5	2,0	88,5	5,1	6,4	100,0
1961	86,7	1,9	88,6	5,0	6,4	100,0
1962	87,3	2,0	89,3	4,8	5,9	100,0

Andre utreisler til leverandørane femner m. a. om tiltak som tener til å få mjølka fram til meieriet.

Tabell 27. Andre utreisler til leverandørane.

År	Frakttilskot over kraftfôrfondet	Meieriets tilskot til inntransport av mjolk	Utgifter til fjøsrekneskaps-laga	Diverse	I alt
	1000 kroner				
1958....	8 639	13 464	3 945	600	26 648
1959....	11 565	15 160	4 195	1 476	32 396
1960....	11 512	17 897	4 143	1 337	34 889
1961....	12 961	18 113	4 349	1 645	37 068
1962....	17 002	17 442	6 062	1 757	42 263
	Øre pr. kg innvegen mjolk				
1958....	0,74	1,16	0,34	0,05	2,29
1959....	0,95	1,24	0,34	0,12	2,65
1960....	0,88	1,37	0,32	0,10	2,67
1961....	0,99	1,38	0,33	0,13	2,83
1962....	1,25	1,28	0,44	0,13	3,10
	Prosent				
1958....	32,4	50,5	14,8	2,3	100,0
1959....	35,7	46,8	12,9	4,6	100,0
1960....	33,0	51,3	12,0	3,7	100,0
1961....	35,0	48,9	11,7	4,4	100,0
1962....	40,2	41,3	14,3	4,2	100,0

I tabell 27 er tilskota over kraftfôrfondet og tilskota frå meieriet oppførte kvar for seg. Nokre meieri betaler heilt eller delvis den delen av utgiftene til inntransport av mjølk som overstig tilskota over kraftfôrfondet, medan andre ikkje betaler noko. Rekneskapen til meieria for 1962 syner at leverandørane betalte gjennomsnittleg 1,01 øre pr. kg levert mjølk, mot 1,22 øre pr. kg året før.

Den parten av nettovinninga som går til avsetnader m. v., er delt i fire einskilde postar. Den første av desse, «vanlege fond», gjeld dei fond som meieria vanleg skal ha. «Nytt utstyr og nybygg» gjeld særskilde nybyggingsfond og andre overføringar til særlege føremål. «Ført over til komande driftsår» er overført utan at det er fastsett kva pengane skal nyttast til.

Tabell 28. Nyttå til avsetnader, overføringar og tilskot til sosiale føremål.

År	Vanlege fond	Nytt utstyr og nybygg	Ført over til komande driftsår	Ymse tilskot og gåver	I alt
1000 kroner					
1958....	6 540	2 029	3 647	522	12 738
1959....	7 512	1 729	3 865	1 375	14 481
1960....	5 478	2 036	4 865	2 662	15 041
1961....	5 140	2 526	5 179	3 501	16 346
1962....	4 284	2 806	5 914	3 977	16 981
Øre pr. kg innvegen mjølk					
1958....	0,56	0,17	0,31	0,05	1,09
1959....	0,62	0,14	0,32	0,11	1,19
1960....	0,42	0,16	0,37	0,20	1,15
1961....	0,39	0,19	0,40	0,27	1,25
1962....	0,32	0,21	0,43	0,29	1,25
Prosent					
1958....	51,4	15,9	28,6	4,1	100,0
1959....	51,9	11,9	26,7	9,5	100,0
1960....	36,5	13,9	32,2	17,4	100,0
1961....	31,4	15,5	31,7	21,4	100,0
1962....	25,3	16,5	34,8	23,4	100,0

Både i 1962 og i 1961 vart det nytta i alt 1,25 øre pr. kg innvegen mjølk til avsetnader, overføringar og tilskot til sosiale føremål.

I tillegg til dei tidlegare oppgåvene over nettovinninga kjem det som er utbetalt til leverandørane for mjølk send beinveges til kondenseringsfabrikkane. I 1962 utgjorde desse utbetalingane 13 013 000 kroner. Saman med nettovinninga for mjølk innvegen ved meieria, vert samla nettovinning 1 125 mill. kr.

Nettovinninga av all innvegen mjølk var 81,49 øre pr. kg i 1962, mot 79,14 øre pr. kg året før. Auken i nettovinninga på 2,35 øre pr. kg svarar til 3,0 prosent.

Tabell 29. Nettovinning av all innvegen mjølk og kor mykje som er utbetalt frå kondenseringsfabrikkane.

År	All innvegen mjølk			Av dette utbetalt frå kondenseringsfabrikkane. 1000 kr.
	I alt 1000 kr.	Øre pr. kg	Pr. kg 1959 = 100	
1958.....	865 856	73,09	95,2	11 261
1959.....	948 475	76,80	100,0	10 942
1960.....	1 007 677	76,25	99,3	11 261
1961.....	1 050 670	79,14	103,0	11 564
1962.....	1 124 772	81,49	106,1	13 013

Verdet av magermjølk som er halden attende etter fløytelevering til meieri, er ikkje med i netttotala og heller ikkje verdet av skumamjølk returnert gratis til leverandørane. Verdet av denne mjølka er utrekna for kvart fylke i tabell 30. For 1962 er verdet av mjølka utrekna til 659 000 kr., mot 712 000 kr. i 1961.

Tabell 30. Magermjølk etter fløytelevering og gratis retur av skumamjølk og saup. 1962. Verdsetjing etter 10 øre pr. kg.

Fylke	Gratis returnert skumamjølk og saup	Magermjølk etter fløytelevering	I alt	Verdsetjing			
				Gratis returnert skumamjølk og saup	Magermjølk etter fløytelevering	I alt	Utrekna pr. kg innvegen mjølk
				Tonn	Tonn	Tonn	1000 kr.
Østfold	—	—	—	—	—	—	—
Akershus og Oslo	—	—	—	—	—	—	—
Hedmark	—	395	395	—	39	39	0,04
Oppland	—	52	52	—	5	5	—
Buskerud	—	155	155	—	15	15	0,03
Vestfold	—	—	—	—	—	—	—
Telemark	—	620	620	—	62	62	0,21
Aust-Agder	—	143	143	—	14	14	0,12
Vest-Agder	—	1 022	1 022	—	102	102	0,32
Rogaland	—	—	—	—	—	—	—
Hordaland og Bergen .	—	—	—	—	—	—	—
Sogn og Fjordane	—	—	—	—	—	—	—
Møre og Romsdal	—	10	10	—	1	1	0,01
Sør-Trøndelag	—	38	38	—	4	4	—
Nord-Trøndelag	2 714	—	2 714	272	—	272	0,27
Nordland	—	155	155	—	16	16	0,02
Troms	—	6	6	—	1	1	—
Finmark	1 274	5	1 279	127	1	128	1,05
I alt.....	3 988	2 601	6 589	399	260	659	0,05

Dersom ei samanlikning mellom nettoprisane for dei einskilde fylka skulle verta heilt rett, burde verdet av desse produkta koma i tillegg til den nettovinning som er sett opp i tabellane XI og XIII bak i boka.

V. Driftsform ved dei einskilde meieri.

I tabell I bak i boka er meieria delte i produksjonsgrupper. I denne bolken er det rekna ut nokre medeltal for kvar av desse gruppene. Kvar gruppe er delt i undergrupper etter mjølkemengd ved meieria.

Utrekningane over mjølkeforbruket ved produksjonen byggjer på mengd mjølkefeitt i dei einskilde produkta. Byrået har nytta dei feittala som Norske Melkeprodusenters Landsforbund har sett opp til det bruk. Frå 1957 har det vore nytta ein feittprosent i kumjølka på 3,90. På det grunnlaget er det rekna ut kor mange feitteiningar det går med til produksjon av eitt kilo smør og eitt kilo av dei ymse osteslaga. Ei feitteining svarar til feittet i 1 kg mjølk med 1 prosent feitt (100 feitteiningar = 1 kg mjølkefeitt).

Feitteiningar pr. kg:

Floyte 10 prosent	10,6	feitteiningar	
Floyte 20 »	21,0	»	
Krem 35 »	36,4	»	
Smør	85,0	»	
Sveitserost F. 45	40,4	»	
Edamerost	F. 45	32,0	»
	H. 30	18,8	»
Gaudaost	K. 20	12,2	»
	M. 10	5,6	»
Nøkkelost	5,6	»	
Normannaost	31,5	»	
Ekte geitost F.G. 33	}	27,0	»
Blanda geitost B.G. 33				
Gudbrandsdalsost G. 35	32,3	»	
Heilfeit fløytemysost F. 33	27,0	»	
Halvfeit » H. 20	16,4	»	

For dei einskilde gruppene er ved sida av nettovinninga teke med oppgâver over særskilde statstilskot i øre pr. kg mjølk. Desse tilskota som femner om statens særtilskot til visse distrikt og driftstilskot, skifter mykje frå distrikt til distrikt. Ved samanlikning av nettovinninga for dei ulike meierigrupper må det takast omsyn til storleiken av desse tilskota.

Ein annan ting som gjer samanlikning mellom dei ymse meierigruppene vanskeleg, er at betalinga for geitmjølk er mykje høgre enn for kumjølk. Når geitmjølka i prosent av all innvegen mjølk skifter frå meieri til meieri, vil det verka på utrekna nettovinning. Vidare har nokre meieri etter måten store inntekter av «andre verksemder», som transportavdeling, innkjøpslag m. v.

1. Mjølkesalsmeieri.

Dei meieria som er med i denne gruppa, har selt minst 75 prosent av mjølka i småsal (konsumsal) som mjølk og fløyte. I medeltal for heile gruppa vart 88,1 prosent av mjølka seld til konsum.

I 1962 var det 43 mjølkesalsmeieri. Samla mjølkeomsetnad var i medeltal pr. meieri 7562 tonn. Av mjølkemengda vart 46,4 prosent innvegen frå andre meieri. Til produksjon av smør og ost vart nytta 6,1 prosent av mjølka.

Tabell 31. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved mjølkesalsmeieria. 1962.

Mjølke­mengd i tonn	Meieri som er med	Av inn- vegen mjølke- mengd er mot- teke frå andre meieri Pst.	Utnytting i pst.				Pst. retur- nert sku- ma- mjølk og saup	Drifts- ut- gifter Øre pr. kg mjølk	Netto- vin- ning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens sær- tilskot Øre pr. kg mjølk
			Kon- sum- sal	Sal til indu- stri- bruk	Sal til andre meieri	Pro- duk- sjon				
Mindre enn 2000	14	27,6	92,5	0,9	4,9	1,7	10,7	18,82	82,32	9,18
2000—5000....	14	34,1	93,8	2,4	2,6	1,2	7,4	15,04	82,08	6,80
5000 og meir ...	15	49,9	86,8	2,8	3,2	7,2	6,9	18,23	80,48	6,77
Mjølkesalsmeieri i alt	43	46,4	88,1	2,6	3,2	6,1	7,2	17,85	80,90	6,99

I 1962 hadde mjølkesalsmeieria ei nettovinning på 80,90 øre pr. kg mjølk, og av dette var 6,99 øre særtilskot frå staten. Driftsutgiftene var gjennom-
snittleg 17,85 øre pr. kg.

2. Samlestasjonar.

For å vere med i denne gruppa må meieriet vere tilslutta eit sentral-
meieri, og all innvegen mjølk må vera seld som mjølk og fløyte.

Tabell 32. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved samlestasjonane. 1962.

Mjølke­mengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølke- mengd pr. meieri Tonn	Kon- sumsal på sta- den Pst.	Levert til andre meieri Pst.	Drifts- utgifter Øre pr. kg mjølk	Netto- vinning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens sær- tilskot Øre pr. kg mjølk
Mindre enn 500	26	196	13,8	86,2	7,46	82,73	12,80
500—1000.....	13	689	8,5	91,5	5,09	78,18	8,97
1000—2000.....	11	1 375	20,1	79,9	7,12	78,31	10,52
2000—5000.....	19	3 141	28,7	71,3	8,56	75,08	3,64
5000 og meir	7	7 329	28,1	71,9	5,85	76,75	2,87
Samlestasjonar i alt ..	76	1 844	25,3	74,7	6,98	77,73	4,79

I 1962 var det i alt 76 samlestasjonar. Desse leverte 74,7 prosent av
mjølka til sentralmeieriet, medan resten vart seld til konsum på staden.

Innvegen mjølke­mengd ved meieria var gjennomsnittleg 1 844 tonn i 1962.
Samlestasjonane hadde ei gjennomsnittleg nettovinning på 77,73 øre og
driftsutgifter på 6,98 øre pr. kg mjølk. Av nettovinninga var 4,79 øre pr.
kg særskilde statstilskot.

3. Smør- og fløytemeieri.

Denne gruppa femner om dei meieria som nyttar minst 75 prosent av innvegen mjølkemengd til kinning. Fløyten er rekna om til heilmjolk med same feittprosent som i kumjolk motteken frå leverandørane.

Desse meieria sende det meste av skumamjølka attende til leverandørane. Dei meieria der minst 50 prosent av skumamjølka vert nytta til produksjon av gamalost, er ikkje med i gruppa smør- og fløytemeieri. Dei er skilde ut i ei eiga gruppe «Gamalostysteri».

Tabell 33. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved smør- og fløytemeieria. 1962.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Utnytting i pst.				Kg smør pr. 100 kg heilmjolk til produksjon	Pst. returnert skumamjolk og saup	Driftsutgifter Øre pr. kg mjolk	Nettovinning Øre pr. kg mjolk	Av dette statens særtilskot Øre pr. kg mjolk
		Konsumsal	Sal til andre meieri og industribruk	Smørproduksjon	Annan produksjon					
Mindre enn 2000.	6	7,9	1,6	90,5	—	4,68	87,2	7,65	81,25	11,38
2000 og meir	10	7,2	2,7	87,4	2,7	4,84	66,4	7,81	84,83	11,29
Smør- og fløytemeieri i alt	16	7,3	2,5	87,9	2,3	4,81	69,4	7,78	84,27	11,30

I 1962 var det 16 smør- og fløytemeieri. Det vart i medel innvege 2 819 tonn mjolk med 4,15 prosent feitt pr. meieri. Av mjølka vart 87,9 prosent nytta til smørproduksjon og 2,3 prosent til annan produksjon. Konsumsalet var 7,3 prosent, og sal til andre utgjorde 2,5 prosent av mjølkemengda. Vel to tredjepartar av skumamjølka vart returnert leverandørane i 1962.

I gjennomsnitt for 1962 hadde smør- og fløytemeieria ei nettovinning på 84,27 øre pr. kg mjolk. Driftsutgiftene var 7,78 øre pr. kg. Særskilde stats-tilskot utgjorde gjennomsnittleg 11,30 øre pr. kg innvegen mjolk.

4. Setermeieri.

Denne gruppa har med meieri som får all mjølka si frå setrar. I statistikken for 1962 er med berre 1 setermeieri. Det er i Hordaland og har svært stutt driftstid.

5. Mysostkokeri.

Denne gruppa femner om dei meieria som nyttar minst 50 prosent av mjølka til produksjon av ekte og blanda geitost og fløytemysost. Ostestoffet vert i stor mon nytta til kasein.

I 1962 var det 7 meieri i denne gruppa. I gjennomsnitt vart det innvege 2 741 tonn mjolk ved meieria. Av den innvegne mjølka var 17,4 prosent geitmjolk. Mysostkokeria nytta gjennomsnittleg 57,7 prosent av mjølkefeittet til

produksjon av blanda geitost og fløytemysost. Til smørproduksjonen vart det i 1962 nytta 9,0 prosent, medan fjerdeparten av mjølka vart seld til meieri og industribruk.

Tabell 34. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved mysostkokeria. 1962.

Mjolkemengd i tonn	Meieri som er med	Geit- mjølk i pst. av inn- vegen mjøl- ke- mengd	Utnytting i pst.				Pst. retur- nert sku- ma- mjølk og saup	Drifts- utgif- ter Øre pr. kg mjølk	Netto- vin- ning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens særtil- skot Øre pr. kg mjølk
			Kon- sum- sal	Sal til andre meieri og in- dus- tri- bruk	Smør- pro- duk- sjon	Mys- ost- pro- duk- sjon				
Mindre enn 2000 2000 og meir	3	30,8	6,9	11,1	12,4	69,6	16,6	23,48	95,83	14,98
	4	14,9	7,9	28,4	8,3	55,4	19,5	11,98	94,69	15,05
Mysostkokeri i alt	7	17,4	7,7	25,6	9,0	57,7	19,0	13,80	94,87	15,04

I gjennomsnitt for 1962 hadde mysostkokeria ei nettovinning på 94,87 øre, og driftsutgifter på 13,80 øre pr. kg mjølk. Særskilde statstilskot utgjorde 15,04 øre pr. kg innvegen mjølk.

6. Gamalostysteri.

I denne gruppa er teke med meieri som nyttar minst 75 prosent av mjølkefeittet til smørproduksjon, og minst 50 prosent av skumamjølka til ysting av gamalost. Skumamjølk elles er for det meste returnert leverandørane. I 1962 var det 4 gamalostysteri, med ein gjennomsnittleg innvegen mjølkemengd på 2 303 tonn. Av mjølkefeittet vart 87,8 prosent nytta til smørproduksjon.

Nettovinninga utgjorde 82,28 øre pr. kg mjølk, og av dette var 10,40 øre særtilskot frå staten. Driftsutgiftene var 13,61 øre pr. kg innvegen mjølk.

7. Meieri med blanda drift.

I denne gruppa er samla dei meieria som ikkje kjem med i dei andre gruppene. Drifta ved desse meieria er meir skiftande enn i dei andre gruppene. Gruppa er delt i 3 undergrupper etter storleiken av mjølkesalet (sal både til konsum, industri og til andre meieri).

a. Meieri med meir enn 50 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa kjem nær opp til dei reine mjølkesalsmeieri. Det var 99 meieri i denne gruppa i 1962. I gjennomsnitt tok dei imot 5 832 tonn mjølk. Av mjølkemengda vart 76,1 prosent seld til konsum, industribruk eller andre meieri, medan 23,9 prosent vart nytta til produksjon av smør og ost.

Tabell 35. Korleis mjølka er nytta og økonomisk resultat av drifta ved meieri med blanda drift. 1962.

Mjølke­mengd i tonn	Meieri som er med	Geit- mjølk i pst. av inn- vegen mjølke- mengd	Mjølka prosentvis fordelt etter bruken				Pst. retur- nert sku- ma- mjølk og saup	Drifts- ut- gifter Øre pr. kg mjølk	Netto- vin- ning Øre pr. kg mjølk	Av dette statens særtil- skot Øre pr. kg mjølk
			Kon- sum- sal	Sal til indu- stri- bruk	Sal til andre meieri	Pro- duk- sjon				
Med meir enn 50 prosent mjølkesal										
Mindre enn 2000	23	2,3	47,8	1,0	39,8	11,4	23,2	11,85	81,46	11,83
2000—5000	44	2,2	23,3	0,6	42,3	23,8	21,4	13,36	81,58	10,26
5000 og meir	32	1,0	46,6	3,1	27,1	23,2	14,8	12,91	81,49	7,69
I alt	99	1,3	42,5	2,4	31,2	23,9	16,7	13,10	81,51	8,61
Med 25 til 50 prosent mjølkesal										
Mindre enn 2000	4	—	15,9	0,3	29,2	54,6	28,2	15,97	76,38	10,73
2000—5000	23	0,9	20,5	1,2	15,8	62,5	41,7	10,97	82,56	10,46
5000 og meir	18	1,8	23,4	1,3	5,9	64,4	19,4	12,39	83,56	9,32
I alt	45	1,5	26,1	1,3	8,9	63,7	25,4	12,09	83,15	9,65
Med mindre enn 25 prosent mjølkesal										
Mindre enn 5000	24	1,6	8,2	1,1	5,9	84,8	27,1	12,25	81,06	7,75
5000 og meir	22	1,2	7,5	0,4	5,3	86,8	24,3	11,92	80,80	7,00
I alt	46	1,3	7,8	0,6	5,5	86,1	25,3	12,03	80,89	7,26

Nettovinninga var 81,51 øre pr. kg mjølk (79,38 øre i 1961), og av dette var 8,61 øre særtilskot frå staten. Driftsutgiftene utgjorde 13,10 øre pr. kg mjølk.

b. Meieri med 25 til 50 prosent mjølkesal.

I 1962 var det 45 meieri i denne gruppa. Desse meieria tok i gjennomsnitt imot 6 282 tonn mjølk. Av mjølka vart 63,7 prosent nytta til produksjon av smør og ost, medan 26,1 prosent vart seld til konsum.

I gjennomsnitt for meieria i denne gruppa var nettovinninga 83,15 øre (83,03 i 1961), driftsutgiftene 12,09 øre og særskilde statstilskot 9,65 øre pr. kg innvegen mjølk.

c. Meieri med mindre enn 25 prosent mjølkesal.

I 1962 var det 46 meieri med i denne gruppa, og gjennomsnittleg innvegen mjølke­mengd var 5 875 tonn. Til produksjon av smør og ost vart nytta 86,1 prosent av mjølke­mengda.

Nettovinninga var 80,89 øre pr. kg mjølk (78,09 øre i 1961), og av dette var 7,26 øre særtilskot frå staten. Driftsutgiftene var gjennomsnittleg 12,03 øre pr. kg mjølk i 1962.

Ei samanlikning mellom dei tre gruppene med blanda drift syner at gruppa med 25—50 prosent mjølkesal hadde høgste nettovinninga. Denne gruppa hadde òg det høgste statstilskotet. Gruppa med mindre enn 25 prosent mjølkesal hadde minste nettovinninga og minst statstilskot pr. kg mjølk. Driftsutgiftene var størst for gruppa med over 50 prosent mjølkesal.

8. Hovudtal for produksjonsgruppene.

I dei fylgjande tabellar er teke med nokre av dei viktigaste økonomiske oppgåvene for dei einskilde produksjonsgruppene.

Tabell 36. Driftsresultat for dei einskilde produksjonsgruppene. 1962.

	Produksjonsgruppe				
	Mjølke- sals- meieri	Samle- stasjo- nar	Smør- og fløyte- meieri	Mysost- kokeri	Meieri med blanda drift
Meieri som er med	43	76	16	7	190
Innvegen mjølk pr. meieri, tonn	7 562	1 844	2 819	2 741	5 949
Driftsutgifter i øre pr. kg mjølk:					
Løner	5,05	2,29	2,79	4,39	4,13
Sosiale utgifter	1,19	0,36	0,42	0,78	0,72
Kraft, vatn og kjøling	0,76	0,53	0,73	1,91	0,89
Brensel					
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	2,64	0,39	0,80	2,00	1,51
Emballasje					
Frakter og køyring	3,13	0,95	0,22	0,57	0,81
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m. .	0,78	0,36	0,39	0,42	0,68
Renter av gjeld	0,35	0,19	0,11	0,29	0,42
Forrentning av partskapital	0,10	0,09	0,06	0,07	0,07
Vedlikehald	1,80	0,42	0,86	1,20	1,17
Ymse	0,11	0,16	0,02	0,13	0,11
Avskrivning på meieribygg og utstyr	1,94	1,24	1,38	2,04	2,08
Driftsutgifter i alt	17,85	6,98	7,78	13,80	12,59
Nettovinning i øre pr. kg mjølk	80,90	77,73	84,27	94,87	81,78
Av dette statens særtilskot, øre	6,99	4,79	11,30	15,04	8,54

Nettovinninga pr. kg mjølk var høgst ved mysostkokeria. Dette skriv seg særleg frå at ein relativt stor del, over 17 prosent, av den innvegne mjølka var geitmjølk. Nettovinninga var lægst ved samlestasjonane. Mjølke-
salsmeieria hadde gjennomsnittleg 17,85 øre pr. kg mjølk i driftsutgifter i 1962, mot 15,63 øre i 1961. Auken i driftsutgiftene på 2,22 øre pr. kg mjølk svarar til 14,2 prosent.

Tabell 37. Driftsutgifter for dei einsskilde produksjonsgruppene.
Øre pr. kg mjølk.

Produksjonsgruppe	1958	1959	1960	1961	1962
Mjølkesalsmeieri	15,18	14,59	14,72	15,63	17,85
Samlestasjonar	6,01	6,23	6,11	6,49	6,98
Smør- og fløytemeieri	7,69	7,42	7,93	7,82	7,78
Mysostkokeri	13,24	12,64	13,03	12,97	13,80
Gamalostysteri	—	—	—	—	13,61
Meieri med blanda drift	11,94	12,55	11,65	12,11	12,59

Tabell 38. Driftsutgifter for dei einsskilde produksjonsgruppene. 1962. Prosent.

	Produksjonsgruppe				
	Mjølkesalsmeieri	Samlestasjonar	Smør- og fløytemeieri	Mysostkokeri	Meieri med blanda drift
Løner	28,3	32,8	35,9	31,8	32,8
Sosiale utgifter	6,7	5,2	5,4	5,7	5,7
Kraft, vatn og kjøling	4,2	7,6	9,4	13,8	7,1
Brensel					
Driftsrekvisita og hjelpemiddel	14,8	5,6	10,3	14,5	12,0
Emballasje					
Frakter og køyring	17,5	13,6	2,8	4,1	6,4
Kontorutgifter, skattar, assuranse m.m...	4,4	5,1	5,0	3,1	5,4
Renter av gjeld	2,0	2,7	1,4	2,1	3,3
Forrentning av partskapital	0,6	1,3	0,8	0,5	0,6
Vedlikehald	10,1	6,0	11,0	8,7	9,3
Ymse	0,6	2,3	0,3	0,9	0,9
Avskriving på meieribygge og utstyr	10,8	17,8	17,7	14,8	16,5
Driftsutgifter i alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Tabell 39. Nettovinning for dei einsskilde produksjonsgruppene.
Øre pr. kg mjølk.

Produksjonsgruppe	1958	1959	1960	1961	1962
Mjølkesalsmeieri	73,98	76,08	76,80	78,79	80,90
Samlestasjonar	70,30	72,92	72,14	78,83	77,73
Smør- og fløytemeieri	76,40	83,18	79,47	82,50	84,27
Mysostkokeri	79,09	84,80	84,59	86,96	94,87
Gamalostysteri	—	—	—	—	82,28
Meieri med blanda drift	73,17	76,23	76,70	79,86	81,78

VI. Investeringar i meieridrifta.

I 1962 brukte meieria 61,3 mill. kr. til investeringar, mot 59,3 mill. kr. året før. Av investeringane i 1962 gjekk 43,6 mill. kr. til nyinvesteringar av alle slag, og 17,7 mill. kr. var utgifter til vøling.

I investeringssummane er løn til egne folk for arbeid med montering og vøling rekna med. For arbeid med maskinar, transportmiddel, inventar o. a. var løna til egne folk 2,4 mill. kr., og for arbeid med hus o. l. var løna 1,2 mill. kr. i 1962.

Tabell 40. Investeringar. 1000 kr.

	Utgifter til alle slag utstyr, hus, byggjearbeid o. a.	Utgifter til vøling	I alt
1958.....	50 055	16 710	66 765
1959.....	39 208	17 078	56 286
1960.....	38 232	18 403	56 635
1961.....	39 807	19 472	59 279
1962.....	43 600	17 730	61 330
<i>Investeringar i 1962 til:</i>			
Maskinar, maskindelar, apparat og reiskapar som blir brukte gjennom fleire år, inklusive montasje			
a) for meieridrifta.....	19 567	9 247	28 814
b) for anna verksemd.....	2 818	366	3 184
Bilar og andre transportmiddel ..	5 032	2 322	7 354
Inventar og kontormaskinar	1 201	117	1 318
Hus for meierifolka.....	780	246	1 026
Sosiale velferdsføremål	281	14	295
Meieri-, lager- og kontorbygg	11 932	4 948	16 880
Anna industriell verksemd	1 086	29	1 115
Tomter og annan naturherlegdom	903	441	1 344

I tabellane XIV og XV bak i boka er utgiftene til dei einskilde investeringspostane i 1962 spesifiserte for kvart fylke.

VII. Partskapital, realkapital og status ved utgangen av året.

I 1962 var partskapitalen ved meieria 40,4 mill. kr., mot 37,6 mill. kr. i 1961. Auken på 2,8 mill. kr. frå året før svarar til 7,7 prosent.

Branntrygdeverdet av bygningane var 351 mill. kr. i 1962. Det var 11 mill. kr. meir enn året før. For transportmiddel, maskinar, verkty og inventar auka branntrygdeverdet frå 276 mill. kr. i 1961 til 284 mill. kr. i 1962.

Verdet av lager av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel var ved utgangen av 1962 vel 18 mill. kr. og verdet av egne produkt på lager snutt 51 mill. kr.

Samla realkapital ved utgangen av 1962 var 705 mill. kr., mot 667 mill. kr. i 1961. Frå året før hadde realkapitalen såleis auka med 5,8 prosent.

I tabell XVII bak i boka er det oppgåver over parts- og realkapital i dei einskilde fylka i 1962.

Frå 1959 er det henta inn oppgåver over meieria sin status.

Tabell 41. Partskapital og realkapital. 1000 kr.

	31/12-1959	31/12-1960	31/12-1961	31/12-1962
Partskapital	34 181	34 895	37 554	40 431
Branntrygdeverde av:				
Bygninger	316 808	329 833	340 056	350 682
Transportmiddel, maskinar, verktøy, reiskapar og inventar ..	246 088	264 199	275 918	283 587
Trygdeverde av byggverk for dam- mar, transport og kai	1 615	3 382	2 611	1 924
Verde av innkjøpte råemne, brensel og driftsmiddel på lager	10 376	14 016	11 284	18 493
Lager av egne produkt	36 205	31 966	36 850	50 590
I alt.....	611 092	643 396	666 719	705 276

Tabell 42. Status for meieria. 1000 kr.

	31/12-1960	31/12-1961	31/12-1962
Aktiva			
I. Tomter og jordeigedomar	2 971	4 411	6 082
II. Bygninger:			
a. Vedkomande meieridrifta	102 283	102 969	102 210
b. Vedkomande andre verksemdar	19 546	21 781	27 849
III. Maskinar:			
a. Vedkomande meieridrifta	65 594	68 505	65 434
b. Vedkomande andre verksemdar	6 072	8 636	10 169
IV. Transportmiddel	5 728	6 724	8 495
V. Inventar og utstyr:			
a. Vedkomande meieridrifta	7 732	3 349	3 450
b. Vedkomande andre verksemdar	2 673	2 898	2 897
VI. Aksjar, partar og utlån	11 177	12 131	14 211
VII. Debitorar	84 502	96 066	110 357
VIII. Bank og postgiro.....	58 239	66 360	57 882
IX. Kontantar	5 743	5 918	6 258
X. Lager.....	47 877	52 850	66 170
I alt.....	420 137	452 598	481 464
Passiva			
I. Partskapital (innbetalt)	34 895	37 554	40 431
II. Fond	72 519	78 832	78 157
III. Lån	138 841	139 787	148 760
IV. Kreditorar	129 908	145 201	158 355
V. Disponibelt.....	43 974	51 224	55 761
I alt.....	420 137	452 598	481 464

VIII. Forbruk av brensel, drivstoff og elektrisk kraft.

Tabell 43. Brensel, drivstoff og elektrisk kraft.

	1960		1961		1962	
	Mengd	1000 kr.	Mengd	1000 kr.	Mengd	1000 kr.
Kol, tonn	2 898	430	2 635	415	1 761	292
Koks og sinders, tonn	93	13	43	6	64	9
Ved, famnar	10 549	982	7 734	680	6 200	570
Sagflis og kutterflis, m ³	128 628	490	183 592	615	151 543	525
Hoggen flis, m ³	3 129	24	3 048	30	3 277	45
Anna brensel	10	..	170	..	42
Bensin, 1000 l	2 679	2 727	3 050	3 163	3 001	3 144
Autodiesel, 1000 l	1 367	487	2 059	694	2 201	715
Andre brenseloljar, tonn	34 439	6 498	36 036	6 418	37 285	6 790
Leigd elektrisk kraft, 1000 kW..	..	3 791	..	4 269	..	4 708

Det var nedgang frå 1961 til 1962 i forbruket av mest alle slag fast brensel og bensin, medan det vart nytta meir flytande brensel, elektrisk kraft og autodiesel.

I tabell XVI bak i boka er det tal for kvart fylke i 1962.

IX. Samla produksjon av kumjølkk og geitmjølkk.

Meieristatistikken femner berre om den mjølkemengd som vert innvegen ved meieria og kondenseringsfabrikkane. I denne bolken vert det gjeve nokre oppgåver over samla produksjon av ku- og geitmjølkk, og kor stor del av produksjonen som er innvegen.

Oppgåvene over samla produksjon av ku- og geitmjølkk byggjer på utvalsteljningane i 1955 og 1960. Produksjonen er rekna ut etter talet på mjølkekyr og mjølkegeiter og medels avdrått.

Talet på mjølkekyr pr. 20. juni var 592 000, mot 604 000 på same tid året før. Samla produksjon av kumjølkk er rekna ut til 1 654 000 tonn i 1962. Det vart i 1962 innvege 1 361 737 tonn kumjølkk ved meieria og kondenseringsfabrikkane, svarande til 82,3 prosent av samla produksjon.

Tabell 44. Produksjon av ku- og geitmjølkk i alt og innvegen mjølkemengd ved meieria og kondenseringsfabrikkane.

År	Produksjon av kumjølkk	Innvegen kumjølkk		Produksjon av geitmjølkk	Innvegen geitmjølkk	
		I alt	Av produksjon i alt		I alt	Av produksjon i alt
	Tonn	Tonn	Pst.	Tonn	Tonn	Pst.
1958.....	1 514 000	1 167 209	77,1	20 200	17 423	86,3
1959.....	1 537 000	1 216 496	79,1	20 900	18 561	88,8
1960.....	1 614 000	1 302 738	80,7	21 100	18 802	89,1
1961.....	1 611 000	1 309 434	81,3	20 400	18 217	89,3
1962.....	1 654 000	1 361 737	82,3	20 800	18 561	89,2

Talet på geiter over 1 år pr. 20. juni 1962 var 74 000, mot 78 000 på same tid i 1961. Samla produksjon av geitmjølk er rekna ut til 20 800 tonn i 1962. Av dette vart 18 561 tonn innvege ved meieria. Dette svarar til 89,2 prosent av samla produksjon.

X. Produksjon og råstofforbruk i mjølkeforedlingsindustrien.

Frå og med 1958 er alle meieriverksemder med i den offisielle industristatistikken. Tabell 45 gjev nokre hovudtal derifrå. (Meir detaljerte oppgåver kan ein finna i publikasjonen Norges industri.) Når tala for bearbeidingsverde er negative, heng det saman med at statstilskota til mjølkeproduksjonen er rekna som tilskot til mjølkeforedlingsindustrien.

Tabell 45. Produksjon og råstofforbruk i mjølkeforedlingsindustrien. 1000 kr.

Industrigruppe	Brutto- produk- sjonsverde	Verde av råstoff, brensel o. l.	Bear- beidings- verde	Tilskot
1960				
202-1 Meieri og ostefabrikkar	988 636	1 171 940	— 183 304	353 621
202-9 Samlestasjonar	98 299	110 832	— 12 533	24 002
202-2,3 Kondenserings-, tørrmjølk- og iskremfabrikkar	90 005	52 847	37 158	158
202 Mjølkeforedlingsindustri i alt	1 176 940	1 335 619	— 158 679	377 781
20 Næringsmiddelindustri i alt.....	4 066 105	3 414 431	651 674	397 062
1961				
202-1 Meieri og ostefabrikkar	1 052 930	1 250 350	— 197 420	381 946
202-9 Samlestasjonar	100 621	114 457	— 13 836	25 590
202-2,3 Kondenserings-, tørrmjølk- og iskremfabrikkar	97 858	59 716	38 142	1 180
202 Mjølkeforedlingsindustri i alt	1 251 409	1 424 523	— 173 114	408 716
20 Næringsmiddelindustri i alt.....	4 448 536	3 671 393	777 143	439 233
1962 ¹				
202-1 Meieri og ostefabrikkar	1 151 576	1 327 425	— 175 849	392 706
202-9 Samlestasjonar	113 301	123 439	— 10 138	28 085
202-2,3 Kondenserings-, tørrmjølk- og iskremfabrikkar	111 421	68 768	42 653	905
202 Mjølkeforedlingsindustri i alt	1 376 298	1 519 632	— 143 334	421 696
20 Næringsmiddelindustri i alt.....	4 695 508	3 819 934	875 574	455 065

¹ Forebels tal.

XI. Det maskinelle utstyret ved meieria.

Tidlegare har Byrået henta inn oppgåver over det maskinelle utstyret ved meieria i 1939, 1953 og 1956. Resultata frå 1939 er prenta i Statistiske Meddelelser nr. 3, 4 og 5 for 1941. Statistikken for det maskinelle utstyret i 1953 og 1956 er prenta i Meieribruket i Noreg for dei tilsvarande åra.

Til statistikken over det maskinelle utstyret pr. 1. januar 1962 har Byrået

fått oppgaver fra 262 meieri og 54 samlestasjonar. Det vantar oppgaver frå 21 samlestasjonar.

Meieria er i statistikken delte i storleiksgrupper etter samla mjølkeomsetnad ved dei einskilde meieri.

1. Transportmiddel.

Det er skilt mellom dei transportmiddel som mest tener transporten til og frå meieriet, den ytre transport, og transporten innan meieriet.

Tabell XVIII bak i boka har oppgaver over transportmiddel fylkesvis og for meieri av ymse storleik.

I 1962 hadde bedriftene i alt 809 lastebilar med ei samla nyttelast på 3 700 tonn. Av lastebilane hadde meieria 781 og samlestasjonane 28. I 1956 var det 705 lastebilar med ei nyttelast på i alt 2 590 tonn. Gjennomsnittleg lasteevne pr. lastebil auka frå 3,4 tonn i 1953 til 3,7 tonn i 1956 og 4,6 tonn i 1962.

Meieria hadde 54 varebilar i 1962, med ei gjennomsnittleg nyttelast på 900 kg. Av i alt 27 tankbilar med ei nyttelast på 150 tonn hadde meieria 22 og samlestasjonane 5.

Tabell 46. Transportmiddel ved meieria.

	1953		1956		1962	
	Tal	Gj.sn. levne Tonn	Tal	Gj.sn. levne Tonn	Tal	Gj.sn. levne Tonn
Lastebilar	626	3,4	705	3,7	809	4,6
Varebilar	55	1,0	54	0,9
Tankbilar	19	5,2	18	5,2	27	5,6
Kjedetransportørar for spann, meter	4 310	—	5 885	—	8 696	—
Kjedetransportørar for flasker, meter					2 248	—
Rullebanar, meter	2 077	—	1 176	—	885	—

Lengda av kjedetransportørar for spann var 8 700 meter og for flasker 2 250 meter. Rullebanene hadde i 1962 ei lengd på snautt 900 meter.

Hovudtala for transportmiddel ved dei tre siste teljingane er tekne inn i tabell 46.

2. Meierimaskinar.

I tabell XIX bak i boka er det sett opp detaljerte oppgaver over meierimaskinar i dei einskilde fylke og ved bedrifter av ymse storleik, rekna etter innvegen mjølkemengd.

Nokre av hovudtala frå dei tre siste teljingane er tekne inn i tabell 47.

Tabell 47. Meierimaskinar.

	Kapa- sitet- eining	1953		1956		1962	
		Tal	Gj.sn. kapa- sitet	Tal	Gj.sn. kapa- sitet	Tal	Gj.sn. kapa- sitet
Spannvaskemaskinar	Spann/t	82	511	122	508	191	529
Tankar for mjølk, fløyte og myse...	Liter	1793	4 811	1941	4 925	1 626	4 974
Separatorar	Liter/t	441	3 660	448	4 087	449	4 486
Platpasteurar, heilautomatiske ...	—>—	385	4 590	274	5 104	345	4 781
—>— handregulerte.....	—>—			164	2 883	172	3 325
Andre pasteurar	—>—	116	1 074	79	982	71	1 464
Pumper for mjølk, fløyte og myse ..	—>—	1 048	6 497	1 191	6 617	1 378	6 796
Kinneeltarar, rustfritt stål	Liter	281	2 342	46	2 633	110	3 459
—>— , tre	—>—			212	2 093	109	2 242
Syringstankar og kar	—>—	343	..	378	1 554	434	1 807
Smørpakkemaskinar	Kg/t	22	1 055	26	887	90	684
Ystekar, mekaniske	Liter	251	3 727	281	3 880	310	3 872
—>— , ikkje mekaniske	—>—	94	1 436	89	1 744	78	1 911
Flaskevaskemaskinar	Fl./t	56	3 714	81	3 453	119	3 546
Flasketappe- og flaskekapslemaskinar	—>—	118	3 407

¹ Mjølketankar.

I 1962 hadde meieria 12 tømme-maskinar med ein gjennomsnittleg kapasitet på snautt 500 spann i timen. Av tømme-maskinane var 9 installerte ved meieri med meir enn 5 000 tonn mjølk.

Spannvaskemaskinar var berre installerte ved bedrifter med meir enn 1 000 tonn mjølk. Av i alt 191 spannvaskemaskinar hadde meieria 173 og samlestasjonane 18. Den gjennomsnittlege kapasitet for maskinane var 529 spann i timen. I 1956 hadde bedriftene 122 maskinar til vasking av spann.

Det var i alt installert 1 626 tankar for mjølk, fløyte og myse. Den gjennomsnittlege kapasitet for desse var snautt 5 000 liter.

Av separatorar var det 449 i 1962, mot 448 ved teljinga i 1956. Gjennomsnittleg kapasitet auka frå knapt 4 100 liter pr. time i 1956 til nesten 4 500 i 1962.

Det var til saman 345 heilautomatiske og 172 handregulerte platepasteurar. Dessutan var det 71 andre pasteurar. Kapasiteten i timen var snautt 4 800 liter for dei automatiske, vel 3 300 liter for dei handregulerte platepasteurane og knapt 1 500 liter for dei andre pasteurane.

Bedriftene hadde i alt 1 378 pumper for mjølk, fløyte og myse i 1962, mot 1 191 i 1956. Gjennomsnittleg kapasitet i timen var om lag 6 800 liter i 1962 og 6 600 liter i 1956.

Av kinneeltarar var det 110 av rustfritt stål og 109 av tre. I 1956 var tilsvarende tal 46 og 212. I 1962 hadde kinneeltarane av stål ein gjennomsnittleg kapasitet på 3 460 liter, og dei av tre 2 240 liter.

Det var i 1962 installert 434 syringstankar og kar med ein gjennomsnittleg kapasitet på om lag 1 800 liter. I 1956 var dei tilsvarende tal 378 og 1 550.

Meieria hadde ved siste teljing 90 smørpakkemaskinar. Etter oppgåvene frå meieria i 1956 hadde dei berre 26 maskinar for pakking av smør. Gjennomsnittskapasiteten var mindre i 1962 enn i 1956.

I statistikken er ystekar delte på mekaniske og ikkje mekaniske. Talet

på mekaniske ystekar har auka frå 281 i 1956 til 310 i 1962, medan dei ikkje mekaniske har minka i same tidsbolken med 11 til 78.

Bedriftene hadde i alt 331 mekaniske og 227 handstyrte ostepresser. Dei mekaniske hadde plass til 33 ostar i gjennomsnitt, og dei handstyrte 19 ostar.

I 1962 var det installert i alt 119 flaskevaskemaskinar med ein gjennomsnittleg kapasitet på knapt 3 550 flasker i timen. Etter oppgåvene frå 1956 hadde bedriftene den gongen 81 maskinar til vasking av flasker.

Meieria og samlestasjonane hadde 118 flaske- og flaskekapslemaskinar, og kapasiteten var i gjennomsnitt vel 3 400 flasker i timen.

